

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
201516689Oppdragsnr
2015041

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Mjåtveitmarka 84	22	22	0	0	FÆRØ ANDREAS HAMRAN (Hjemmelshaver)
Mjåtveitmarka 84	22	22	0	0	LANDMARK MORTEN IRGENS (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	29.09.2015	09.30	Ved nausta i Juvika

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Fest grunn Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring
Arealoverføring av omlag 420 m2 frå 22/22 til 22/20.

Saks-behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	09.09.2015		

Rekvirent FÆRØ ANDREAS HAMRAN LANDMARK MORTEN IRGENS	Rekvisjonsdato 27.08.2015
--	------------------------------

Habilitet

Landmålar sitt namn
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varselet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/
20-1A	Umerket Nedsatt i:				
20-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
20-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Nytt grensemerke			
20-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Nytt grensemerke			
20-4A	Annen detalj Nedsatt i:				
20-5	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein				
20-6	Murhjørne Nedsatt i:				
20-7	Murhjørne Nedsatt i:				
20-8	Annen detalj Nedsatt i:				
20-9	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
QP3	Umerket Nedsatt i:				
QP4	Umerket Nedsatt i:				
QP5	Umerket Nedsatt i:				

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikuleringslysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 09.09.2015 godkjent arealoverføring av omlag 420 m² frå gnr 22 bnr 22 til gnr 22 bnr 20, administrativt vedtak sak nr 320/2015. Arealet omfattar parkeringsareal og det vestre naustet i Juvika. I nord og aust grensar arealet til 22/22, i vest til 22/20 og 22/223 og i sør går grensa utover i sjøen så langt den private eigedomsretten går.

Oppmålingsforretning vart halde 29.09.2015. Ved forretninga møtte Morten Irgens Landmark for 22/22. Ronald Pedersen møtte for Jørgen Pedersen, eigar av 22/20. Deleigar av 22/22, Andreas Hamran Færø var også varsla, men møtte ikkje.

I forkant av forretninga hadde kommunen stukke ut grensene for tilleggsarealet. Landmark og Pedersen var samde om at den austre grensa for tilleggsarealet skulle gå litt lenger aust enn det som var stukke ut.

Grensene for tilleggsarealet tek til i umerka grensepunkt 20-1A i grensa mot 22/223 og går 0,43m i søraustleg retning til nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 20-1, vidare i same retning 12,66m til nytt grensemerke i stor stein, grensepunkt 20-2. Herifrå i sørvestleg retning 8,50m til nytt grensemerke i stor stein, grensepunkt 20-3. Vidare i nordvestleg retning 6,57m til nausthjørne, grensepunkt 20-4A, herifrå i sørvestleg retning 18,85m til nytt grensemerke i stein i sjøkanten, grensepunkt 20-5. Vidare i same retning 7,08m til hjørne på kaipir, grensepunkt 20-6. Herifrå held grenselina fram utover i sjøen i same retning så langt den private eigedomsretten går.

Gamal kross i fjell i sjøkanten, grensepunkt 20-9, er nymålt ved denne forretninga. Det er ikkje sett ned grensemerker i grensa mot 22/223.

Eigedomsmålingane er utført med Topcon Hiper GNSS og Leica 1205+ totalstasjon og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandard. Tilleggsarealet er oppmålt til 430 m².

Vegrettar:

I følgje grunnboka har 22/20 ein vegrett over 22/22. Avtalen er tinglyst 12.08.2011, dagboknummer 633646. Vidare har 22/22 ein vegrett over 22/20 som er tinglyst 17.07.1933, dokumentnr 900174. Landmark opplyste at rettshavarane til dei to andre nausta i Juvika berre har rett til gangveg fram til nausta sine.

Ved arealoverføring er det krav om at arealet som skal overførast, må vera heftefritt. Eigarar av 22/22 må difor ordna med pantefråfall på 430 m² frå 22/22 til 22/20. Når pantefråfallet er ordna, kan kommunen matrikkelføre dei nye grensene og senda melding til tinglysing saman med skjema "Erklæring om arealoverføring". Når arealoverføringa er tinglyst, skriv kommunen ut nytt matrikkelbrev over 22/20.

I samsvar med matrikkellova §46 kan det klagast på utføringa av forretninga. Klagefristen er tre veker.

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

Sted	Dato	Underskrift
Frekhaug	30.09.2015	

Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			